

CoP Digitalisering, møte nr. 5

Sted: WSP Norge (Fred Olsensgt. 1), Oslo

30. januar 2018

Per Christian Randgaard, Måns Davidsson, Merethe Bjørnstad, Kari Elisabeth Skotnes, Henriette Frafjord Berntsen (WSP), Elisabeth Wallem (Intersoft), Jørgen Hals (Atkins), Bjørn Møllebråten (Skarpe), Anett Andreassen (Statsbygg), Bettina Sandvin, Erik Soleglad (Statens vegvesen), Øivind Pettersen (Skanska), Magnus Hellström (Universitetet i Agder), Jan Alexander Langlo, Ole Jonny Klakegg, referent (NTNU).

Per Christian Randgaard ønska velkommen på vegne av WSP Norge.

Han presenterte WSP sine verdier i digitaliseringsperspektiv, og fortalte om leitinga etter retning i eige digitaliseringsarbeid og illustrerte med det kompleksiteten i dette temaet. Vidare presenterte han utviklinga i intern kommunikasjon i lys av å vere pilotbedrift for bruk av «facebook at work»: WSP@work har vore brukt i snart halvanna år og bruken har tatt seg opp til store høgder, med stort engasjement og mykje utveksling på tvers i organisasjonen.

Presentasjon Måns Davidsson, WSP

Måns fortalte innleiingsvis anekdoter frå dei tidlegaste tilløpa til digitalisering på 1970-talet. Ein lærdom er å ikkje gjere dyre feilinvesteringar basert på at ting er kjekt å ha, men ikkje å ha ein strategi for korleis det skal takast i bruk.

Digitalisering er svaret – man kva var egentleg spørsmålet?

Utfordringane står foreløpig i kø. Heile tidlegfasen består av oppgåver som i prinsippet kunne gjerast digitalt utan å vere bunden av fysisk stad. Vi vil, men får det ikkje heilt til. Det er mange nyord og salsfraser og hype, men framleis vanskeleg å få folk med. Vi menneska slit med grunnleggande utfordringar som kommunikasjon og digital forståing.

Digitale dilemma og paradoks:

Har du først fått deg eit godt verktøy, så pass på å ikkje bli FOR glad i det. Hugs kvifor du har det. Ta Word for eksempel. Kor tid skal vi klare å kome vekk frå dokumentfokuset? Slutt med klipp og lim. Det trengs eit skifte i mindset.


Skifte i organisasjonsfokus – ingen går lenger tjenesteveg for å skaffe seg informasjon. Den er mykje lettare tilgjengeleg på andre måtar. Kva gjer det med arbeidsprosessar og roller?

Nye verktøy som verkeleg motiverer og hjelper deg få jobben gjort: Finn opp «Smartphone» for aktørane i prosjektet. Det genialt enkle og effektive verktøyet som alle «må» ha og som representerer ei felles plattform.


Verktøy som utnyttar kunstig intelligens til å hente ut erfaring og kunnskap frå store datamengder. Spacemaker er eit slik døme som er i vinden for tida. På kort tid kan systemet automatisk generere fleire forslag til bydelsplan, i staden for vekers arbeid.



Sjekk ut ein del av dei nye appane som kan hjelpe deg med praktiske oppgåver. Til dømes Kry: legetime på mobilen: 10 minutt så er diagnosen stilt, 10 minutt til, så kan du hente medisin med e-resept på næraste apotek. Kor mykje tid, kostnad og unødvendige bekymringar kan slike enkle løysingar spare oss for?



Nokon får det til, så kvifor er vi så mange som slit med å henge med?



Om vi er her,

- og slit med å komme hit,

- kjem vi nokon gong hit?

Det er mange ting som skal endrast før vi kan ta ut potensialet. Vi har fått BIM og kan skape digitale tvillingar av bygget eller infrastrukturen. Vi kan i prinsippet generere modellar automatisk og langt å veg automatisere prosjektering. Men vaktmesterstanden er ikkje i stand til å ta imot den digitale modellen og utnytte den i drifta av bygget.

Prosjekthotell kom inn som ein stor forbetring for 10 år sidan. Nokre opplever det no som ein pest og ei plage. Jobbar ein på 15 prosjekt må ein logge inn og ut av 15 prosjekthotell for å handtere sakene som dukkar opp. Kor tid skal prosjekthotell for prosjekthotell komme, og kor tid skal dei få standardiserte funksjonar og bli compatible så det ikkje står fram som kaotisk å jobbe med fleire?

Sikkerheit vs transparens: Vi er opptatt av datasikkerheit naturleg nok. For å vere effektive må vi ha transparens. For å ivareta sikkerheita øydelegg vi transparensen og legg hinder for effektiv samhandling. Kor tid skal løysingane som kombinerer begge omsyn kome på banen? Korleis bygge opp og ivareta tillit?


Prosjektleiaren si rolle må endre seg. Kor tid kjem faget «Koding for prosjektledere»? Og kva betyr i så fall koding? Struktur for og krav til informasjon? Bli prosjektleiaren ein «storyteller», kommunikator, kreativ leiari, prosessleiari?



Om ikkje vi effektiviserer prosessane så kjem nokon andre og gjer det!

Diskusjon om CoP Digitalisering si framtid

Ole Jonny Klakegg tok opp spørsmålet om vegen vidare for CoP Digitalisering som oppfølging av diskusjonen i førre møte. Vi gjennomførte ein survey som ga innspel på prosjektering av tema.



Signala viser høgast prioriterte tema:

1. Digitale prosessar og hjelpemiddel for tidlegfasen
2. Digitale løysingar for auke av produktiviteten i verdikjedene
3. Den digitale tvilling – plattform for informasjonsutveksling


I tillegg var det eit klart signal frå surveyen at alle (einstemmig) ønska at diskusjonane skal leggast opp slik at dei kan engasjere på tvers av bransjar.

For å sikre litt tydelegare profil på CoP-en var namnet gjort om til **CoP Digital samhandling**

Andre poeng frå diskusjonen:

- Prosjektledelse er ei rolle/ein funksjon i endring, men framtida er lys. Det er stor bruk for god prosjekledelse også i framtida.
- Det er stor grad av forståing av at mennesket står sentralt i arbeidet for å lykkast. Det er ikkje berre teknologispørsmål.
- Det er også einigheit om at rammebetingelsane (gjennomføringsmodell og kontrakter) er viktig for resultatet.

Eit poeng som kom opp i fleire innpakningar er spørsmålet om tillit. Tillit mellom partane i prosjektet. Tillit til data og informasjon – sjølve faktagrunnlaget. Tillit til bruken og tolkinga av informasjonen. Konflikten mellom sikkerheit og transparenens må jobbast med.



Neste møte blir hos Statsbygg utpå våren 2018.

Dato vert sett fast av vertskapet og Prosjekt Norge i samråd.